

# RETNINGSLINER FOR KULTURMIDLAR I AURLAND KOMMUNE

## FØREMÅL

Kulturmidlane skal ha som føremål å støtte opp om kulturarbeidet som vert drive av frivillige lag, organisasjonar og einskildpersonar. Det skal leggjast tilrette for å skape aktivitetar og å gje høve til eit allsidig og omfangsrikt kulturliv i heile kommunen.

### 1. Generelt om søknad, vedtak og klage

- Rådmannen eller den som han delegerer mynde til, har som oppgåve å innstille til kulturmidlane, og leggje dei fram for Omsorg – oppvekst og kultur til avgjer.
- Frist for søknad om tilskot frå kulturmidlane er sett til 15. mars. Nye, digitale søknadsskjema kjem på nettet frå 2008. Søknader som kjem inn etter søknadsfristen, vert ikkje handsama.
- Med søknaden skal fylgje: Årsmelding, revidert rekneskap, budsjett, medlemstal, aktivitetsplan, kostnadsoversyn Ta òg med plan for arbeidet, arrangementet, opplæringa der slikt er rimeleg å forlange. Søknader som manglar dokumentasjon, vert ikkje handsama
- Søknad om tilskot vert handsama av Omsorg – oppvekst og kultur.
- Søkjar får brev med melding om vedtak
- Søkjar har høve til å klage på avgjerda, jamfør Kommunelova §59 og Forvaltningslova Kap. VI

### 2. Vilkår for tilskot

- Det kan gjevast tilskot til personar, organisasjonar, foreiningar og lag som driv eller vil drive kulturverksemd i Aurland kommune
- Interkommunale lag og organisasjonar som har tilknytning til Aurland, kan søkje dersom aktiviteten vert halden i kommunen
- Det er viktig at tiltaket vil gje auka aktivitet og trivsel for innbyggjarar i kommunen. Eit tilskot vert gjeve etter mellom anna aktivitet, medlemstal(ikkje under 10 medlemmar), økonomi og kontingent. Det vert teke omsyn til nye tiltak og lag med høg aktivitet, men økonomisk forsvarleg drift
- Til alle sine arrangement må lag og organisasjonar som får kulturmidlar frå Aurland kommune, gje *fri tilgang* for følgjeperson til funksjonshemma ved framvising av følgjekort

### 3. Unnateke frå tilskot er:

Næringsorganisasjonar, politiske organisasjonar, yrkesfaglege organisasjonar, velforeningar og grendalag, eller kommersielle interesseorganisasjonar fell utanfor tilskotsordninga.

### 4. Kommunen har følgjande prioriteringar:

- Tiltak for barn og unge er prioriterte
- Leiaropplæring, rettleiing og instruksjon knytte til lagsarbeid for barn og ungdom
- I tillegg vil kommunen prioritere tiltak som gjev eit kulturtilbod for folk flest i heile kommunen. Det kan vere teaterframsyningar, konsertar, programkveldar med dans, songkveldar og andre aktivitetar som gjev trivsel for unge og eldre.
- Fleirkulturelle arrangement
- Forsamlingshuset/anlegget må vere ope for alle
- Forsamlingshuset/anlegget må ha eit forsvarleg styre
- Forsamlingshuset/anlegget må ha faste aktivitetar gjennom heile året

### 5. Følgjande tilskotsordningar gjeld:

- *Driftstilskot til laget(aktivitetstilskot)*. Slikt tilskot vert gjeve til verksemder som driv kontinuerleg, og som har ulike aktivitetar som hovudmålsetjing
- *Leiaropplæring, rettleiing og instruksjon*. Det kan gjevast tilskot når opplæringa har spesielt stor verdi for deltakarane sitt arbeid i laget, og når laget eller einskildpersonar er engasjerte i eller av lag som høyrer heime i punkt 2.
- *Tilskot til særskilde arrangement*. Under føresetnad av at tiltaket vert arrangert, vert utført eller vert leia av lag som kjem inn under punkt 2, kan det gjevast eit tilskot på inntil 15.000 kr
- *Tilskot til målretta ungdomstiltak/prosjekt*. Legg ved plan med oversyn på kostnader og finansiering, eventuelt revidert rekneskap for siste året
- *Oppstartingstilskot for lag og organisasjonar som vert stifta i søknadsåret*
- *Ungdom som sjølv startar og driv aktivitetar, kan prioriterast ved tildeling*
- *Tilskot til drift av forsamlingshuset*. Driftstilskot kan løyvast med inntil 30% av dokumenterte utgifter frå straum, forsikring, kommunale avgifter, renter på lån, og mindre vedlikehald. Rekneskap frå føregåande år skal leggjast ved. Det skal vere god aktivitet i huset.

**6. Tilskot til utbetring av forsamlingshus som har god aktivitet i lagshuset.**

Søknaden skal innehalde teikningar, kostnader og finansieringsplan, i tillegg skal den innehalde aktivitetsplan. Tilskotet skal ikkje overstige 40.000 kr i året. Med utbetring meiner kommunen tilbygg, påbygg, større reparasjonstiltak, fornying og utskiftingar av VVS- og/ eller EL- anlegg og brann - installasjonar, nytt kjøkken, garderober, toalettinnreiingar, større møblementutskiftingar. Likeeins installasjon av høgtalarutstyr, sceneutstyr og liknande. Tilstandsrapport må leggjast ved.

Vedteke i Omsorg, oppvekst og kultur i møte 04.12.07 sak 016/07